



Ronny Kaldestad

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1754 - 15/6952

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
09.04.2015

## Avslag på søknad om gebyrfråfall

Administrasjonen viser til epost frå dykk sendt 2.4.2015 (journalført 8.4.2015), der det vert søkt om fråfall av sakshandsamingsgebyr på kr 3000,-, fakturanr 11004780.

Administrasjonen har vurdert dykkar epost etter gebyrregulativet punkt 4.12, som har følgjande ordlyd:

«Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn».

Administrasjonen har vurdert opplysningane i dykkar epost, men finn at det ikkje ligg føre særlege grunnar for å ettergje handsamingsgebyret på kr 3000,-.

Dette gebyret gjaldt søknad om IG for naust og resterande arbeid med kaianlegget på eigedomen dagsett 27.2.2015. Både heimel og plikt for administrasjonen til å krevje gebyr for IG ved delt handsaming følgjer av gebyrregulativet punkt 10.2.8. Dette er likt for alle i slike saker.

Tidlegare IG gjaldt oppføring av fritidsbustaden på eigedomen. Administrasjonen kan forstå at du som tiltakshavar meiner det samla gebyret i saka har vore høgt, men meiner likevel at dette ikkje er urimeleg høgt i denne saka. Administrasjonen viser til at saka har gjeldt fleire ulike tiltak, fritidsbustad, naust og kaianlegg. Det har vore gjennomført fleire dispensasjonshandsamingar og saka har samla sett vore tidkrevjande for kommunen.

Med denne grunngjeving vert søknaden avslått. For orientering om klagerett knytt til gebyrfastsettinga vert det vist til avsluttande merknader i vedtaket av 27.2.2015.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Ronny Kaldestad